

Formannskapet innstiller til kommunestyret den 27. november og gjer vedtak om å leggje budsjettet og økonomiplanen ut til offentleg ettersyn. Interessenter kan kome med uttale til kommunestyret som den 13. desember skal gjere endeleg vedtak om budsjett for 2019 og økonomiplan for den komande fireårsperioden.

Til kommunestyret i Volda kommune.

Tilbakemelding frå Samarbeidsutvalget i Mork barnehage vedr. budsjett for 2019 og økonomiplan for fire år framover i tid.

Ny forskning om barns psykiske helse og som særskilt vert påpeika i den nye rammeplanen for kva barnehagens pedagogiske innhald skal vere, har eit eige kapittel om **overgangar i eit barns liv**. Mork barnehage og Barnehagane i Volda har lært mykje gjennom **Voldaprojektet om barns psykiske helse**. Fokuset og arbeidet i Voldabarnhagen ber i dag difor preg av eit større fokus nettopp på det å vere psykisk og psykisk tilstades for born.

Tidleg innsats skal vere ein grunnleggande prinsipp, men kvifor kjem ikkje dette fram i målkarta og dei økonomiske tiltaka ein ser føre seg i tida som kjem?

a) HELSESTASJON INN I BARNEHAGEN.

Ein skriv i budsjettskjema 1 B i økonomiplan for 2019- 2022 at ein ynskjer å auke ramma for helsesøster med 450 000 for å kunne styrke ressurs til barnehage og skule.

Vi meiner auka ressurs på 450 000 til helsestasjon bør gå uavkorta og berre til barnehage for å kunne få på plass og utvide samarbeid mellom helsestasjon og barnehage. Elevar i skule og ungdomar har allereie skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. No er det på tide å også få meir helsestasjon-fagleg kompetanse inn i barnehagen!

Foreldre og barnehage ynskjer å ha tett samarbeid og ofte er det utfordringar ein opplever der det er nødvendig å ha inn helsesøster eks. barn som står i utfordring grunna feks. skilsmisse, kosthald, søvn mm. der personal og foreldre treng rettleiing og innspel. Vi meiner kontrollar på helsestasjonen må inn i barnehagen, så kan helsesøster få sjå barnet i trygge og nære omgivelser- observere språk, sosialt samspel mm

Vi meiner tiltak i helsestasjonen der dei vil innføre grupperetta tiltak m.a. skillsmissegupper, 6 jentegrupper, gutegrupper, grupper for minoritetsungdom, mor-barn grupper for innvandrarar, bra mat kurs for minoritetar er feil prioritering av tiltak m.h.t. tidleg innsats.

Ein bør auke ressursane slik at helsestasjonen jobbar inn mot foreldre i samarbeid med barnehagen- få inn rettleiing og tiltak (eks. bra mat, mor-barn rettleiing) frå livets start-gjer dette i barnehagen!

b) AUKA PEDAGOGNORM I BARNEHAGEN OG OPPDEKT PLANLEGGINGSTID MED PEDAGOG.

I Hornindal, Ørsta og mange andre kommuner har ein sett inn auka personalressurs til barnehagen for å kompensere den tida ped.leiar har planleggingstid. Situasjonen i dag er at grunna auka pedagognorm (min. 50% pedagogar i barnehagen) så er det fleire av personalet som skal ha ut planleggingstid på 4 timar.

I Mork barnehage er det gjennomsnittleg 8 pedagogar og 8 assistentar. Pedagogar skal ha 4 timar planleggingstid kvar og assistentar skal ha 1 time planleggingstid. Samla sum planleggingstid i barnehagen utgjer 41 timar, - altså over ei heil stilling. Så... når ein då seier ein har eks. 16 personale med barna i Mork barnehage, så er det eigentleg berre 15 personar SAMAN med barna.

Vi meiner difor at Volda kommune må auke bemanninga i barnehagen, med å kompensere personale i den tida dei har planleggingstid. Pedagogar som er ute (for å ha planlegging)

må har pedagogar inne(som er MED barna) Assistentar som er ute (for å ha planlegging)
må erstattast av assistentar (som er MED barna)
Vi trur at ved å auke denne ressursen, så vil ein også på sikt redusere tiltak med auka bemanning i form av støttepedagog inn mot enkeltbarn.

c) PEDAGOGISK LEIAR.

I Økonomiplanen skriv ein: « På skular med store klasser, har ein valt å prioritere to kontaktlærarar. Tiltaket krev ein lærartime per veke pr. kontaktlærar i tillegg til eit kronetillegg». Dette må også gjelde i barnehagen. Bemanningsnorma seier at det skal vere minst ein pedagogisk leiar per. 7 barn under 3 år og ein ped.leiar per.14 barn over 3 år. Altså; På ei avdeling med 18 barn i alder 3-5 år skal det vere 2 pedagogar og ein assistent. Pr. dags dato er ikkje begge barnehagelærar på ei avdeling løna som pedagogisk leiar, sjølv om ein er pedagogisk kontakt for barn. **Vi meiner at begge pedagogar som er på ei avdeling i barnehagen skal vere løna som pedagogisk leiar. Dette må ein ta høgde for i den økonomiske planlegging framover.**

I barnehagen har vi ikkje noko kronetillegg. Vi har derimot gjort det same som i skulen- pedagogiske leiarar som har meiransvar grunna store barnegrupper får ekstra planleggingstid, men... barnehagen må også ta det innanfor eige driftsbudsjett .

d) FYSISK MILJØ OG REINHOLD.

Mork barnehage er i dag den barnehagen med flest dagsverk (13,6) Barnehagen er i vekst og det er mange barn som framleis vert fødd på Mork og Lid. Nytt tilbygg er på plass, men vi opplever at det gamle bygget forfell. Dette medfører igjen dårleg reinhald fordi reinhaldar har avsett for lite tid til å gjere reinhald i eit bygg som står på forfall. **Det må setjast av midlar til å auke tid for reinhald.** I dag har reinhaldar avsett 3 timar til reinhald kvar dag,- dette er for lite så lenge barnehagen har slitne golvbelegg.

Difor meiner vi:

1. Det må avsetjast meir tid for reinhald i barnehagen
2. Det må prioriterast økonomisk å skifte ut slitne golvbelegg, veggflater og listeverk i barnehagen

e) FYSISK UTEMILJØ

Barnehagen sitt uteområde har blitt mindre grunna påbygg. No ligg det føringar for oppjustering av uteleikeplassen etter nyttår. Det er fleire barn i barnehagen, men uteområdet har blitt mindre. Samarbeidsutvalget meiner det i oppjusteringa av uteleikeplassen bør leggst til rette for at uteområdet mot skulen vert utvida, ved å flytte gjerdet på nordvest sida av barnehagen, mot Mork skule.

For Samarbeidsutvalget i Mork barnehage

Onsdag 5/12 2018



Leiar Samarbeidsutvalget Mork barnehage Eva Kleinrath

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 18/1099	Avd: ØKO
Løpnr:	Shs: Karlsen
5. DES 2018	
Arkivdel: 2	
Klassering P:	
Klassering S:	



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Årsbudsjett 2019 og Økonomiplan 2019-2022

UDF Volda takkar for god informasjon frå rådmann og økonomisjef gjennom budsjettprosessen. Nytt av året var Folkemøte om økonomi- og budsjettprosessen, dette var svært positivt og ynskjer at dette vert arrangert årleg!

Vi ser at økonomiplanen og budsjettet har teke utgangspunkt i vidareføring av gjeldande økonomiplan og vil prioritere satsingar retta mot barn og unge: Volda ungdomsskule, ny sentrumsbarnehage, symjehall! Dette er positivt, og heilt nødvendig! Både Campus arena og Kulturhus er investeringar som vil bli svært positivt for born og unge. Men dersom ein ikkje finn nok innsparingar slik at ein kan gjennomføre alle investeringane som er føreslegne, må ein først prioritere dei lovpålagte!

Omgrepet *Tidleg innsats* gjennomsyrrar alle politiske dokument, kommuneplan og sektorplan. Det vert tala ofte og varmt om viktigheita av å vere i forkant, tidleg oppdaging og tidleg innsats. Tidleg innsats i staden for å reparere, både når det gjeld born, elevar og kompetansebygging er ein strategi som UDF støttar. Ikkje la dette vere store ord som ein trekk fram i festtalar, men vis at det er vilje til å gjere orda om til handling. Og skal ein få til handling, er budsjettet som vert vedteke alfa omega!

Opplæring og oppvekst er den sektoren i Volda kommune som har størst budsjett, flest årsverk, og den einaste av dei store sektorane som har halde budsjettet dei seinare år. I 2017 skreiv rådmannen i Budsjetttrundskriv nr.1 "*Det er berre opplæring og oppvekst av dei store sektorane som over tid har greidd å halde forbruket innan den tildelte budsjetttramma.*" Opplæring og oppvekst har vore nøysame og venta tålmodig gjennom alt for mange budsjettperiodar. Det er no særst gledeleg at både sektoren og sentrum vert prioritert! Vi vil appellere til at politikarane tek ansvar og prioriterer at dei får fysiske tilhøve som er helsefremjande, verdige og er tidsriktige!

Skule

No gjeld det å få **kroppsovingsbygg og symjebasseng for sentrumselevane**. Dette gjeld spesielt for elevane ved Øyra skule og ungdomsskuleelevane der ikkje er kroppsovingsbygg som er helsefremjande, verdige eller tidsriktige. Vi ser fram til at **Campus Arena** står klar. Om de vel å bygge **opplæringsbasseng eller badeland**, det stolar vi på at de tek den avgjerdsla som vert rett for kommunen.

Volda ungdomsskule. Inneklima og dårleg luft gjer at elevar og tilsette har plager som hovudverk og luftvegsplager. På ein regnversdag er bøtter og moppar plassert rundt på galleriet for å samle opp vatnet som lek inn! Når det er ein solskinsdag er det lufttomt på mange av klasseromma. For å ikkje snakke om skiftande temperatur på klasseromma. Med

dårleg inneklima vert det vanskeleg å konsentrere seg, det går ut over motivasjonen og det vert vanskelegare å lære! Ta høgde for dette når de vurderer om det vert renovering eller nybygg for **Volda ungdomsskule**. Å stå fremst i køa, vente på «sin» tur, slit på dei tålmodige arbeidstakarande dykkar. Ventetida har vore lang!

Det handlar om verdigheit. Dei har vist tålmod. Det å ta det første spadetaket, det første hammarslaget betyr så mykje.

Barnehage

Engeset, Oppigarden, Sollia og Folkestad barnehagar må **betre det fysiske arbeidsmiljøet**. Det er behov for å leggje til rette for kontorarbeidsplassar for barnehagelærarane og dei pedagogiske leiarane ved barnehagane. Om arbeidsplassane ikkje er der, kan ein ikkje binde planleggingstida til barnehagen og planleggingsarbeidet vert utfordrande.

Ny **sentrumsbarnehage** er no i ein høyringsprosess. Svara frå høyringa er ikkje kome til no, men ber dykk innstendig om å **lytte til høyringssvara før de handlar**.

I tillegg til investeringane er det ei viktig sak som Utdanningsforbundet Volda oppmodar at politikarane finn midlar til; **Plantid til pedagogane i barnehagane må erstattast av pedagogar!**

Å få ein god start er viktig. I kvalitetsplanen til Volda kommune er visjonen at kommunen skal ha *trygge born og unge som deltek, meistrar og lærer*. For å kunne nå **visjonen** i barnehagane våre treng vi trygge, tilgjengelege og kompetente tilsette som er til støtte for borna gjennom heile barnehagedagen. Barnehagen er første steg i utdanningsløpet. I barnehagen møter borna kompetente vaksne som tek varmt i mot dei og skaper trygge rammer. Barnehagelærarar har god kunnskap om born si utvikling, individuelt og i grupper. Dei kan legge til rette for eit trygt omsorgs- og læringsmiljø som er til det beste for borna. Volda kommune var ein føregangskommune da dei vart blant dei første som hadde 50% barnehagelærarar.

Barnehagelova § 18 seier at *bemanningen må vere tilstrekkelig til at personalet kan drive en tilfredstillende pedagogisk virksomhet*.

Utdanningsforbundet sitt mål er å sikre at alle barn i barnehage møter og får eit pedagogisk tilbod, ved igjen å sikre at 50 % av alle tilsette i barnehagen er utdanna barnehagelærarar. Dette er grunnleggande for å møte barnet sine basale behov for omsorg og trygghet som vi veit må vere på plass for å kunne utforske og lære. Den altfor låge grunnbemanninga og manglane oppdekking av plantid er eit hinder for tidlig innsats.

Kjære politisk mynde: Lytt til fagfolk, ny barnehageforskning, forbunda, foreldre, personale og sjå på det sterkaste signalet; aukande problematferd hjå borna. Dette vil koste så uendeleg mykje meir di eldre barnet vert og vanskane utviklar seg. Forskinga er no klokkeklar: Barn som ikkje vert sett og møtt tidlig i livet eller som får ein dårleg start er i høgrisiko for skeivutvikling. Syn at de vel å satse på borna ved å gje dei det viktigaste: Tryggare og betre rammer ved å **legge inn personalressurs i plantida til pedagogisk personale i barnehagen**.

Hornindal kommune har klart det. Vanylven har klart det. Klarar Volda det? Klart vi kan!

Økonomisjefen har tidlegare har uttalt ”*Det er lett å lage eit budsjett som går i balanse. Jobben startar 1. januar med å halde budsjettet.*” Lag eit budsjett som gjer at kvardagen vår går i hop, la oss gje borna våre dei rammene som er verdige og som gjev dei eit godt grunnlag for livslang læring.

Det er mange i barnehagane og skulane i Volda som har vore lydige, venta lenge.

Vi oppmodar sterkt at de som er politikarar er RAUSE, MODIGE og KOMPETENTE når prosjekta er utgreidd og midlane skal inn i budsjettet og viser handlekraft!

Beste helsing

Sirikit Vågen

HTV og lokallagsleiar

Utdanningsforbundet Volda

90056688

Tilbakemelding frå Samarbeidsutvalet i Oppigarden barnehage vedrørende budsjett for 2019 og økonomiplan for 4 år framover.

Budsjettet legger opp til store investeringer i perioden frem til 2022. Det er planlagt bruk av 106 millioner fra disposisjonsfondet for at budsjettet skal gå i balanse. Dette etterlater kommunen kun 6,7 millioner. Det er naturlig å frykte budsjettsprekk på noen av disse prosjektene. Hvordan har kommunen/politikerne tenkt å dekke inn dette? Dette er et budsjett som gjør vegen kort tilbake til ROBEK.

Noen av de planlagte prosjektene som bygging av ungdomskole og barnehage er lovpålagte. Andre som kulturhus og Voldsfjordkryssing er det ikke. En kan stille seg spørrende til hvorfor de lovpålagte prosjektene ikke prioriteres/ sikres først.

Øyra skole er bygget uten gymsal og uten skolekjøkken. Vil det at budsjettet gaper over mye gi oss dårligere kvalitet på det som etter loven skal bygges? Vil tilbakeføring til ROBEK evt kunne stoppe bygging av lovpålagte prosjekt?

Et stramt budsjett vil med stor sannsynlighet gå ut over drift.

Dette vil ikke gagne småbarnsforeldre i Volda og heller ikke de ansatte i skole/barnehage. Videre er veldrevne skoler og barnehager viktig for tilflytning til Volda.

Ny forskning om barns psykiske helse vert særleg påpeika i den nye rammeplanen. Gjennom Voldaprojektet har barnehagane fått lære kor viktig tidleg innsats er for å forebygge og gi barn det beste utgangspunkt for god psykisk helse. No har vi fått på plass 50% pedagogoppdekking, men det er svært viktig at planleggingstida til pedagogane (4 t/v pr. pedagog) vert dekt opp med pedagog for at det skal vere tilsettrekkeleg med personale heile dagen. Vi har et ønske om økte midler for å dekke pedagogenes planleggingstid, og at dette vert innarbeidd i budsjettet. Fleire kommunar i nærleiken har prioritert dette.

Oppsummert:

Barnehagen ønsker økt personalressurs som kan dekke inn tid pedagoger bruker til planlegging. Dette da det i disse timene blir færre personal pr barn enn det som er lovpålagt. Vi ønsker at dette eksplisitt skal inn i budsjettet.

Vi frykter at et stramt budsjett vil gå ut over drift av barnehagen. I tillegg frykter vi at opprustning av barnehagen vil komme i skyggen for andre ikke lovpålagte prosjekt.

.....
Leiar for Samarbeidsutvalget i Oppigarden barnehage Heidi Øglænd